

Gaard Eiendomsutvikling AS  
Lægdene 12  
5096 BERGEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 21/10239 - 21/84803

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
20.01.2022

## Løyve til utslepp av avløpsvatn - Minireinseanlegg - gbnr 116/68 Lauvås

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 1343/21**  
**Byggestad:** Gbnr: 116/68  
**Tiltakshavar:** Gaard Eiendomsutvikling AS  
**Ansvarleg søker:** Byggadminstrasjon Harald Bjørndal AS  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 13-3

### VEDTAK

Det vert gjeve utsleppsløyve for minireinseanlegg på gbnr. 116/68 Lauvås på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent minireinseanlegg i reinsekasse A. Reinseanlegget skal byggjast med slamsikring og etterpoleringskum. Restutsleppet skal førast i tett leidning til heilårsresipient som omsøkt og vist på kart.
2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 150 pe.
3. Det skal til ein kvar tid liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensning av forurensing, 13-6 til 13-16.
5. Anlegget skal etablerast i samsvar med teknisk plan med merknader i brev datert 02.11.2021 frå Alver kommune, avdeling for samferdsle, veg og VA.
6. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
7. Etablering av tiltak i sjø skal godkjennast av Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS før arbeida vert sett i gang.
8. Om anlegget er avhengig av at det må tömmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med mogelegheit for parkering av tömmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tömmebil (ikkje overstig 8 meter).
9. Før avløpsanlegget takast i bruk må det liggje føre stadfesting frå montør, serviceavtale for drift og vedlikehald og koordinatar for plassering av anlegget.

## **Vedtaket er heimla i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §13-5.**

### **SAKSUTGREIING**

#### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for det regulerte bustadfeltet Skinstø på gbnr. 116/68 m. fleire på Lauvås. I samband med utbygging av reguleringsplanen for Skinstø er det planlagt eit fellesanlegg for framtidig planlagt 9 einebustadar med sekundærleilighet og 10 bueiningar i område avsett til konsentrert busetnad. Med 5 pe. pr. bueining vert samla maksimal belastning på anlegg 150 pe.

Det vert søkt om etablering av utslepp til Søre Lauvåsvika. Søre Lauvåsvika og fjordsystemet er definert som ein normal resipient og det er dermed krav om fjerning av 90 % fosfor etter § 3-7. Omsøkt reinseanlegg omfattar etablering av nytt biologisk reinseanlegg med slamsikring og etterpolering og med utsleppsledning. Dette anlegget stettar krava til fjerning av 90 % fosfor etter §3-7 i forskrifta.

Det er planlagt etablering av 1 stk. Klargest BioDisc Reinseanlegg. Anlegget skal dimensjonerast for minst 150 pe. Det vert då planlagd å montera eit anlegg type BL eller tilsvarende som er godkjent for 150 pe.

Ansvarleg søker viser til mottatt skriv frå kommunen angåande den tekniske planen for VA-anlegget (kommunen sin referanse er: 21/8700 – 21/72594) vert det slått fast at leidningsnettet til sjø skal vere offentleg og at leidningsnettet fram til Sk2 (kummen før reinseanlegget) skal vera privat. Dette betyr at det biologiske reinseanlegget skal overtakast av kommunen for drift og vedlikehald.

Det vil bli inngått driftsavtale mellom leverandør av reinseanlegget og kommunen slik at ein er sikra forskrifta sine krav til rapportering etter §13-13 samt krav til analysetaking etter §13-14. Krav til rapportering vert og dekka av kommunen sine eigne rutinar slik at det då vert rapportert til i tråd med krava innan 1. februar kvart år i tråd med §13-16.

Ansvarleg søker er Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS mens ansvarleg utbyggjar er Gaard Eiendomsutvikling AS v/ Eivind Aarland. Anlegget skal etter at det er etablert overtakast av Alver Kommunen for drift og vedlikehald.

Dei eigedomane som er knytt til reinseanlegget er følgjande gnr/bnr:

- Gnr/bnr 116/61
- Gnr/bnr 116/68
- Gnr/bnr 116/70
- Gnr/bnr 116/71
- Gnr/bnr 116/72
- Gnr/bnr 116/73
- Gnr/bnr 116/74
- Gnr/bnr 116/75
- Gnr/bnr 116/76
- Gnr/bnr 116/77
- Gnr/bnr 116/78

Det vert elles vist til søknad mottatt 07.12.2021 og supplert 21.12.2021.

#### **Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Skinstø planid.1263-200910 er definert som bustadområde. Minirenseanlegget vert plassert på areal regulert for renovasjonsanlegg.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 13-4 nr. 2.

Det ligg føre slik merknad frå eigar av gnr. 116 bnr. 21 og 41 ved skjema datert 15.12.2021.

*På revidert kart hvor utslip til sjø er markert, er det ingen endring i forhold til opprinnelig tegning. I den avviste søknad fra Alver kommune kreves fem meters dybde for rør til utslip. Søre Lauvåsvika er markert med fire meters dybde i kart. Kan ikke se at rør til 5m er etterfulgt i nevnte kartskisse.*

Ansvarleg søker har kommentert nabomerknad ved e-post datert 21.12.2021. Ansvarleg søker opplyser følgjande:

*Søknadsfristen er nå gått ut på utsendt nabovarsel. Det har kome inn ein merknad. Denne går på at utslepp er på kart sagt skal til kote -5,0 mens sjøkartet i området er utslepet ender er kote -4,0. Sluttdokumentasjonen vil dokumentere at leidning er avsluttet i tråd med kravene og ender på kote -5,0*

Det ligg føre slik merknad frå Vestland fylkeskommune datert 10.12.2021:

*Vestland fylkeskommune viser til nabovarsel mottatt 01.12.2021.*

*Varselet gjeld søknad om utsleppsløyve på gnr. 116 bnr 68 mfl. I Alver kommune Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, mottek nabovarsel som nabo og eigar av fv. 5496 Risasjøvegen og tv. 57 Mongstadvegen.*

*Vi har og ei rolle som vegstyresmakt og forvaltar av fylkesveg. Vi vil på generelt grunnlag minne om at fylkeskommunen som vegstyresmakt:*

- skal handsame eventuelle søknader om avkjørsle eller dispensasjon frå byggjegrense etter veglova
- har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova kap. 19 når saka direkte vedkjem vårt saksområde
- har rett til å uttale seg i saker som fell under den kommunale bygningsstyresmakta si samordningsplikt, jamfør plan- og bygningslova §21-5

*Vi minner om at det må søkjast om grave- og framforingsloyve for leidningsnettet som går langs eller under fylkesveg. Det vil og vere aktuelt å søkje om arbeidsvarsling til Statens vegvesen.*

Ansvarleg søker har kommentert nabomerknad ved e-post datert 19.01.2022. Ansvarleg søker opplyser følgjande:

*Vi har mottatt en merknad i saken fra Fylkeskommunen. Merknaden er lagt ved. VLFK har ingen merknader til selve utslippen, men kommenterer at det ved kryssing av fylkesvegen må søkjast graveløyve. Og framføringsløyve som normalt.*

*Ber om at kommunen handsamar søknaden.*

#### **Uttale frå anna styresmakt**

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

#### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 11.09.2018, revisjon D03.

#### **Reinseløysing**

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Klargest BioDisc type BL Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 13-8.

## **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskriften § 13-11 3.ledd.

Serviceavtale ligg ikkje føre.

Om anlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).

## **Privatrettslege tilhøve**

Avløpsanlegget er vist plassert på eigen eideom på gnr. 116/68. Utsleppsleidningen er vist planlagt delvis lagt på eigen eideom og delvis i Fylkesvegen fram til punkt for borehol under veg og vidare til sjø.

Private rettar for plassering leidningar på offentleg og privat eideom vert handsama i byggesaka.

## **VURDERING**

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reining av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg med slamsikring og etterpolering før utsleppet vert ført i tett leidning til sjø på minimum 5 meter under lågaste vasstand.

## **Nabomerknad**

Det er ved nabovarsling kome inn ein merknad knytt til djupne for avslutning av avløpsleidning i sjø. Ansvarleg søker opplyser at avløpsleidning skal avsluttast på kotehøgd -5 og nabomerknaden er såleis tilstrekkeleg ivaretatt.

Det er kome merknad frå Vestland fylkeskommune som gjer merksam på at det må søkjast om grave- og framføringsøyve for leidningsnettet som går langs eller under fylkesveg. Det vil og vere aktuelt å søkje om arbeidsvarsling til Statens vegvesen

## **Godkjenning etter andre lovverk**

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søker, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova må sendast inn av eit ansvarleg føretak.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

## **Klage**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i

vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

#### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

#### **Tilsyn, endring og opphør av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyremakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyremakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si ytинг/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyremakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/10239**

Med vennleg helsing  
Alver kommune 0

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Inger Johanne Fjellanger JONAS LIES VEI 5053 Bergen  
19B

#### **Mottakarar:**

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS	Postboks 103	5649	EIKELANDSOSEN
Gaard Eiendomsutvikling AS	Lægdene 12	5096	BERGEN